



# Miljøløftet

## NOTAT

### Vedlegg nr. 4

Til: Styringsgruppa for Bypakke Bergen  
Fra: Vestland fylkeskommune  
Kopi: [Fyll inn]

Saksbehandler/telefon:  
Torill Klinker / 908 99 261  
Vår dato: 19.10.2022

## Sak 68/22 Mogleg handtering av overskridinga på Bybanen BT<sub>4</sub>

### Bakgrunn

Denne saka er ei oppfølging av:

- vedtak i styringsgruppa den 19. september, der det heiter at: *VLFK kjem tilbake med ei sak som viser sluttprognose og avvik fordelt etter finansieringskjelder.*
- brev frå Vegdirektoratet datert 29.august der det heiter at: *Vi minner om at, i tråd med løyvingsreglementet og bestemmelsar om økonomistyring, skal tilskot så langt det er mogleg nyttast i løyvingsåret. Eventuelle ubrukte midlar kan ikkje i den grad vi har sett til no setjast av til fond.*
- tertialrapporten (T1 2022) og diskusjonen i styringsgruppa den 24.06.22. I tertialrapporten heiter det mellom anna at *Partene skal fremover ha fokus på å få avklart bruken av tilskudd til bedre kollektivtilbud.*

Vestland fylkeskommune har tidlegare lagt fram sak knytt til overskridinga på Bybanen BT<sub>4</sub> til Fyllingsdalen. Det vart i februar 2022 informert om 387 mill. og i mai om 240 mill. I august vart det informert om ytterlegare 384 mill., og dermed ei samla overskriding på 1011 mill. Overskridingane er i hovudsak knytt til auka entreprisekostnader, prosjektering, felleskostnader, løns- og prisvekst og grunnnerv.

Sluttprognosen er likevel innanfor kostnadsramma, og det er dermed styringsgruppa i Miljøløftet som er ansvarleg for inndeckninga av overskridinga. Styringsgruppa i Miljøløftet er orientert om overskridingane, og har bedt om at fylkeskommunen snarast mogleg kjem attende med forslag til korleis den kan handterast. I møtet i prioriteringsrådet den 11.10.22 vart det avgjort at saka skal leggest fram for styringsgruppa for Bypakke Bergen. Gjennom denne saka presenterer fylkeskommunen ei mogleg inndeckning av overskridinga, og minner samstundes om vedtak fatta av Fylkestinget den 29.09.2022:

*Fylkestinget legg til grunn at overskridinga vert dekkja innanfor gjeldande finansiering i Miljøløftet, og ber fylkesdirektør komme tilbake til fylkesutvalet med forslag til korleis dette vert løyst. Sak til fylkesutvalet skal fremjast før styringsgruppa i Miljøløftet vedtar saka.*

Dermed vert saka no lagt fram som ei orientering til styringsgruppa for Bypakke Bergen. Dersom styringsgruppa sluttar seg til framlegget må saka attende til fylkesutvalet den 8. november før den kan endeleg vedtakast av styringsgruppa den 2. desember.

### Prosjektgrunnlag

Finansiering av Bybanen sitt byggetrinn 4 er heimla i Stortinget si handsaming av Prop 11 S (2017-18). Styringsgruppa har fatta ei rekke vedtak som gjeld finansiering av det samla prosjektet, spesifisert på dei ulike finansieringskjeldene, mellom anna i sak 32/18. Finansieringsplan presentert i denne saka er lagt til grunn i styringa av prosjektet.

### Fordeling pr finansieringskjelde

Prosjektet med bygging av Bybanen til Fyllingsdalen er eit sær sams sett prosjekt, der den samla løysinga som vart vedteken i reguleringsplanen har prosjekt for fleire organisasjonar med ulike finansieringskjelder.

Denne kompleksiteten vart vurdert som eit risikoelement ved oppstart av prosjektet. Det var viktig at prosjektet var fokusert på samla gjennomføring av det integrerte prosjektet. Gjennom forhandlingane med byvekstavtalen (2017) kom det fram at dei statlege bidraga samt bompengar ikkje kunne dekkja ei realisering av heile innhaldet i reguleringsplanane. Det vart difor utført vurderingar på bidrag frå dei ulike andre programområda (kommunale midlar, programområdemidlar fylkesveg og programområdemidlar fylkesveg), slik at bompengar ikkje vart brukt til andre formål enn det som var tiltenkt gjennom prop 11S. I dei styrande dokumenta frå KS2 vart det difor lagt til grunn eit solidarprinsipp ved eventuelle overskridingar.

I KS2-rapporten heiter det at (side 33): *Byvekstavtalen legger opp til et solidarisk ansvar mellom avtalepartene... Alle avtalepartene er dermed med på å dekke sin relative andel alle overskridelser, uavhengig av årsak til overskridelsen. Unntaket er staten, som ikke dekker overskridelser ut over P50 knyttet til sin bevilgning på halvparten av kostnadene for bygging av selve Bybanen i tråd med vedlegg 6 til Byvekstavtalen... Bybanens andel av usikkerhetsavsetningen må dermed dekkes gjennom for eksempel bompenger.*

Bakgrunnen for å nytta solidarprinsippet er at det er eit flytande skilje mellom kva som er knytt til dei ulike finansieringskjeldene, herunder spørsmål om kva som er sideareal, kvalitetsheving, erstatning og nyanlegg. Likeså er det svært krevjande å fordela kostnader på tvers av desse grensene, til dømes grunnverv og bortkøyring av forureina massar. Det er også svært uheldig dersom partane i Miljøløftet skulle hatt kvar sine agendaer om til dømes plasseringa av vegar og parkar for å optimalisera eigne kostnadar, og ikkje dei totale kostnadane. Dette solidarprinsippet vart revidert i Addendum til KS2 (datert 24. april 2018) stadfesta til 3,5 % for «Park og VA - Bergen Kommune og 6,5 for «gang -og sykkel, programområde FV»). Denne fordelinga er også stadfesta i sak 72/21.

Det vart relativt tidleg etter dette avklart med SVV at «stamveg sykkel, programområde riksveg» skulle følgja eigne rapporteringslinjer, og det har difor blitt rapportert særskilt til SVV. Det må også understrekast at dette har vore mogleg sidan den traseen i mindre grad er integrert med øvrige anlegg.

Prosjektet har basert rapporteringsstrukturen etter dette prinsippet, og dette prinsippet er også lagt til grunn i sak 72/21 i styringsgruppa til Miljøløftet.

Saka viser med eksempel at konsekvensen av budsjettoverskridingar på den delen av prosjektet som ikkje har med stamsykkelvegen å gjere, vil medføre auka finansieringsbehov frå bompengar, fylke og kommune. Vedtaka seier ikkje noko om bruk av prinsipp for å fastslå fordeling av overskridingar pr finansieringskjelde. Fylkeskommunen legg til grunn at solidarprinsippet vert nytta til rapportering og til sluttrekneskap for å fastslå finansieringsbehov pr kjelde (igjen med unntak av statlege midlar). Dette er både basert på struktur i underliggjande dokument for finansieringsplan (KS2 med addendum), samt kompleksitet med å splitte både kostnader og å definere eksakt bidrag til kvart enkelt element frå ulike kjelder.

Vidare rapportering vert difor basert på solidarprinsippet. Prosjektregnskapet vil vera basert på same prinsipp.

### Mogleg inndecking

Fylkeskommunen minner om at endeleg sluttprognose ikkje føreligg før i 2023. Det er framleis vesentlege arbeid igjen, både i 2022 og 2023. Utviklinga i indeksar vil også gje stort utslag på dei endelege tala i sluttoppgjæret. Alle tala i denne saka vil då verte justert. Men for å gje eit mest mogeleg nøyaktig grunnlag for partane, syner vi nedanfor eit oppsett slik stoda er no. Basert på solidarprinsippet foreslår vi følgjande inndecking av varsla meirforbruk:

|                                      | P50<br>2017-kr | P50<br>2022-kr | Prognose<br>2022-kr | Andel<br>solidaransvar | Dekning mellom P50<br>og prognose 2022-kr |
|--------------------------------------|----------------|----------------|---------------------|------------------------|---|
| Bergen kommune<br>Park og VA         | 126            | 149            | 183                 | 3,5%                   | 27  |
| VLFK –<br>programområde<br>fylkesveg | 237            | 281            | 255                 | 6,5%                   | 51  |
| Bybane<br>bompengar                  | 3264           | 3769           | 4528                | 90,0%                  | 700                                       |
| Bybane stat                          | 3264           | 3773           | 3783                | 0%                     | 0   |
| SVV –<br>programområde<br>sykkelveg  | 861            | 994            | 1228                | na                     | 233                                       |
| SUM                                  | 7752           | 8966           | 9977                | 100%                   | 1011                                      |

Om lag 233 mill. (22-kr) av overskridinga er knytt til sykkelstamvegen, som er fullfinansiert av statlege post 30-midlar. Stamsykkelvegen har vore gjennom ein eigen prosess for å avklare overskridingane og risiko for det prosjektet, saman med Statens vegvesen. Dette er rapportert vidare i linja mot Vegdirektoratet.

Basert på solidarprinsippet har Park og VA ein andel av overskridinga på om lag 27 mill. som må handterast av Bergen kommune, og VLFK (programområde fylkesveg) har ein andel av overskridinga på om lag 51 mill.

Tabellen viser at sjølve bybaneprojektet gjennom solidarprinsippet har ein andel av overskriddinga på 700 mill. Av desse er 267 mill. allereie handtert / varsla til Ferde tidlegare i år. Då står det att å handtere ei overskridding på 433 mill.

Gjennom bompengeforliket får Bergensområdet tilført om lag 60 mill. frå *post 66 regjeringens bompengeavtale til reduserte bompenger* i 2023. Då står det att å håndtera ei overskridding på 373 mill.

Sjølve Bybaneprojektet vert som kjent finansiert 50/50 mellom statlege midlar og bompengar. Staten dekker ikkje kostnader utover P50, overskriddinga må difor dekkjast av bompengar, eller *andre lokale midlar*.

Gjennom bompengeforliket får Bergensområdet tilført 55 mill. (2020-kr) årleg over potten *post 66 regjeringens bompengeavtale til bedre kollektivtilbud*. Bergen kommune og VLFK har likelydande vedtak på at desse midlane skal nyttast til Bybanen, men bruken er ikkje nærare spesifisert. Både Bergen kommune og VLFK har forventningar om at ein ynskjer at midlane skal nyttast som delfinansiering til å forlenga Bybanen BT4 frå Oasen til Spelhaugen.

Midlane er ikkje nytta, og det står i dag 114 mill. (tilskot frå 2020 og 2021) på fond hjå fylkeskommunen. Staten har varsla at dei ikkje vil utbetala tilskotet for 2022 (60 mill.) dersom ikkje bruken av midlane vert konkretisert.

Fylkeskommunen ser det difor som ei god løysing å nytta desse midlane til å handtera overskriddinga allereie i 2022. Slik vil ein sikra at staten løyver tilskotet, og vi får totalt 174 mill. til rådvelde. Bruken av desse midlane vil også redusera det auka bompengeuttaket for 2023. Dersom ein legg bruk av fondsmidlar i 2022 til grunn er det ikkje naudsynt å handtera ei inndekning av dei fylkeskommunale og kommunale overskriddingane før endeleg sluttprognose føreligg i 2023.

Fylkeskommunen minner her om at ein slik bruk vil setja vidare arbeid med finansiering av Bybanen frå Oasen til Spelhaugen på vent, og at ei handtering av overskriddinga som her skissert vil setja fylgjande vedtak frå fylkesutvalet (FUV 103/2021) og tilsvarande vedtak i Bergen kommune til sides.

1. *Fylkesutvalet ber om at det vert jobba vidare med framlegg til forlenging av Bybanen frå Oasen til Spelhaugen, basert på premissa om at gjeldande reguleringsplan for Bybanen til Fyllingsdalen vert omregulert og vedteken slik at ei rekkje element utanfor Bybanen sin kvite kantlinje vert finansiert og bygd av andre aktørar.*

Grunna dei politiske vedtaka må bruk av desse midlane handsamast politisk i Bergen kommune og Vestland fylkeskommune. For at vi skal kunna nytta fondsmidlane (114 mill.) og få utbetalt det statlege tilskotet for 2022 (60 mill.) må desse vedtaka fattast i løpet av 2022.

Basert på ein sluttprognose med 1011 mill. i samla overskridding syner førebelse tal eit samla forbruk på 1520 mill. i 2022, og 765 mill. i 2023. Det gjenstår no eit forbruk på om lag 300 mill. i 2022. Fylkeskommunen vil mellomfinansiera kostnader som ikkje kan dekkast inn gjennom annan finansiering i 2022.

## Oppsummering

Gjennom denne saka har fylkeskommunen presentert ei mogleg inndecking av overskridinga gjennom ein kombinasjon av bruk av bompengar og belønningmidlar på fond. Å nytta 174 mill. av midlar løyvd over potten *post 66 regjeringens bompengavtale til bedre kollektivtilbud* vil mogleggjera ei handtering av delar av overskridinga allereie i 2022, samt redusera det auka bompengeutaket i 2023. For fylkeskommunen er det også viktig å ta inn over seg dei signala staten har kome med om at tilskot skal nyttast i løyvingsåret og at ubrukte midlar ikkje i den grad vi har sett til no, kan setjast av til fond.

Fylkeskommunen er kjent med at vi ikkje rår over desse verkemidla åleine, dette er prosessar som må drøftast med dei aktuelle partane. I tråd med vedtaket i Fylkestinget den 29.09.2022 om at sak til fylkesutvalet skal fremjast før styringsgruppa vedtar saka må endeleg handsaming skje i styringsgruppa den 2. desember, etter at fylkesutvalet har handsama saka. Parallelt med dette må det også vera ein tett dialog med Bergen kommune, slik at Bystyret og Fylkesutvalet er omforeint om bruken av fondsmidlane og dermed ei utsetjing av finansiering av Bybanen frå Oasen til Spelhaugen.

## Konklusjon

Vestland fylkeskommune tilrår at overskridinga vert handtert slik:

- Styringsgruppa for Bypakke Bergen legg solidarprinsippet til grunn ved fordeling av overskridinga, med unntak av stamsykkelvegen. Foreløpig ligg det an til at:
    - Bergen kommune sin andel er 27 mill.
    - Vestland fylkeskommune sin andel er 51 mill.
    - Bybaneprosjektet (50/50) sin andel er 700 mill.
  - Bybaneprosjektet har gjennom solidarprinsippet ein andel av overskridinga på 700 mill. Av desse er 267 mill. allereie handtert / varsla til Ferde tidlegare i år. Då står det att å handtere ei overskriding på 433 mill.
- Fylkeskommunen foreslår at dette vert handtert slik:
- 60 mill. frå *post 66 regjeringens bompengavtale til reduserte bompenger* i 2023.
  - 174 mill. frå *post 66 regjeringens bompengavtale til bedre kollektivtilbud* i 2022.
  - Resterande beløp, om lag 200 mill, vert dekkja med auka bompengeuttak i 2023.

Dersom ein legg bruk av fondsmidlar i 2022 til grunn er det ikkje naudsynt å handtera ei inndecking av dei fylkeskommunale og kommunale overskridingane før endeleg sluttprognose føreligg i 2023.

Ei slik handtering av overskridinga vil setja vidare arbeid med finansiering av Bybanen frå Oasen til Spelhaugen på vent.

## Forslag til vedtak:

- *Styringsgruppa sluttar seg til at vidare prognosering og sluttrekneskap av overskridingar følgjer solidarprinsippet for bompengar, kommunale bidrag og fylkeskommunale bidrag.*
- *Styringsgruppa tek for øvrig framlegg til inndecking til orientering. Avgjerd i saka vert først fatta av styringsgruppa for Bypakke Bergen den 2. desember, etter at Fylkesutvalet har hatt saka til handsaming.*